



Minken har herja i stokkandbestanden i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Villminken herjar i fuglebestanden også i Uskedalen. Ein som har sett dette og reagert på det, er Endre Neset på Neset. Han meiner det no er på høg tid å regulere opp skotpremien på villmink. Den har vore 40 kroner i mange år.

- Eg hadde 16 delvis tamme stokkender, men etter kvart er åtte av 12 hunner teke på reiret av minken. No har det ikkje vore stokkandungar på tre år, fortel Neset.

Fire hunner og 12 hannar er tilbake medan det frå starten var like mange hunnar som hannar, Hannane overlever fordi dei ikkje ligger på reir og difor ikkje blir offer for minken.

Neset har og registrert endringar i bestanden av andre fugleartar som han meiner må ha sin årsak i inngrep frå minken.

Dette er til dømes første sesongen at ternene på Storskjeret ikkje har hatt ungar.

Av tjeld er det berre to par att, medan det var fire par for berre to-tre år sidan.

- Kva så med måsen?

- Den byggjer reir på hustak og i tre fordi den er redd minken, seier Neset.

Av Ola Matti Mathisen